


# BOKN BYGDÅBLÅD


NR. 2 - MÅRS 1998 - ÅRG. 13



Karneval 1 – s. 2



Karneval 2 – s. 21



4.500 – 5.000 år – s. 16



BOKN KOMMUNE



## BARNEHAGEN INFORMERER



# KARNEVAL!

Tekst og foto: May Elisabeth Alvestad

Februar er karnevalstid, også i Bokn barnehage! Kvart år gleder barna seg enormt til dette, og i år var karnevalet den 12. februar kl. 11.00 – 13.00. Alle ungane får tilbod om å vera med på karnevalet, sjølv om dei ikkje har barnehageplass akkurat den dagen.



Alle kler seg ut, her er karnevalsgjengen omgitt av lærlingane Randi Jacobsen (ståande) og Ingunn Ragnvaldjord tv. og Rita Lindanger th.




Ei heil veke før den store hendinga blir det t.d. laga rytmeinstrument av kartongar, små glass m/ris eller erter som blir pynta med at dei malar dei og limer stoff på.

Ungane dansar og tar seg ut til all slags musikk, heilt til dei er leie. Så er det tid for m.a. pølser og brød før dei leikar, både ting som dei vaksne står for og i fri leik.

Ingen tvil om at dette populære tiltaket lenge vil vera ein fast tradisjon!

Marianne og  
Marius Sunde  
som snehvit og  
supermann.

Bildet under:  
Kay Raymund  
Mikkelsen som  
pønkar.



Silje Eide  
som klovn.



# Petra Fritidsklubb informerer



Tekst og foto: Ann-Kristin Grønnestad

Vi er nå kommet til mars måned, og ungdommene trives faktisk bedre i lyset. Ettersom det blir mildere og lysere ute, kommer det stadig flere på klubbkveldene våre, og det liker vi godt, for da blir det morsommere og livligere.

Vi har hatt et oppussingsprosjekt på gang en stund nå, og styret har gjort en god jobb. De har malt flere strøk opp i tredje etasje, skiftet ut alle gardiner, og ellers har de vasket og ryddet i ett sett. Vil takke styret for de har gjort en god jobb! Vi har hatt snekkere i gang med å utvide vaktluka, legge nytt gulv og gulvbelegg, de har satt opp en vegg inne i selve diskoteklokalet og de har laget en rullestolrampe til bruk i trappene.

Når det gjelder planer fremover, så har vi tenkt å gjøre oss ferdig med biljardturneringen vår. Vi har lokalpremie til de som vinner, så dette er *alvorlige* greier. Det er mange som har meldt seg på, så dette kan ta tid.

Når det gjelder vaskingen oppe på PETRA, så vil jeg bare få si en ting - det er ikke meningen at styremedlemmene skal vaske hele diskoteket hver klubbkveld. Det er de ungdommene som går på PETRA sitt ansvar! Det er derfor dere har fått vaskeliste sendt hjem. Det er derimot ikke mye vits i å lage vaskeliste til dere når dere aldri dukker opp den gangen det er deres tur å rydde opp etter klubbkvelden. Dette systemet fungerer ikke i det hele tatt, styret har nå vaska hver gang siden sommerferien, og det er en hel del onsdager og fredager det! Kanskje vi bør oppfordre dere foreldre, i første omgang til å sende ungdommene deres opp på PETRA den gangen han eller hun står oppført på vaskelista. Det vi ellers må vurdere å gjennomføre er at foreldrene må være med å vaske, selv om dette egentlig ikke er riktig. Ungdommene bør kunne lære seg å ta i et tak av og til, og ikke slippe unna

med at foreldrene må rydde opp etter dem. Det må jo vaskes, for de er ikke særlig flinke til å treffe søppelböttene, eller til å ta hensyn når det gjelder snop og brussøling.

Ellers er det på tide at jeg takker for meg, 12. mars er siste praksisdagen min. Da har jeg jobbet på PETRA i et år og to måneder, og skal opp i fagprøve i barne- og ungdomsarbeid. Mange av dere foreldre har registrert at Ingunn Ragnvaldjord har tatt over noen av kveldene, og planen er å få enda en ny lærling opp på Petra til høsten. Vi derfor takke for hyggelig samvær med både ungdommer og føresatte, det har vært veldig koselig og kjekt å snakke med dere alle. Så håper jeg dere fortsatt vil trives på PETRA, både store og små, og at dere er like snille og greie med de nye lærlingene, som dere har vært mot meg!

*På vegne av ungdommene og dei føresette, som eg veit er med meg, vil eg få takka Ann-Kristin for det arbeidet ho har gjort både i og utafor fritidsklubben! Ho har ein veremåte som gjer at ho lett kjem i kontakt med ungdommene på deira premisser, noko som fritidsklubben og Bokn kommune treng. Ann-Kristin har sett i gong fleire prosjekt som har gitt og vil gi gode resultat i tida framover. Det gjeld om å halda idéane og tiltaka varme.*

*Kommunen har for tida ikkje fritidsleiar i eigen stilling, og oppfølginga av lærlingane på klubbkveldane er det så som så med. Dette har ført til at Ann-Kristin har blitt oppfatta som fritidsleiaren på den kommunale klubben, også av dei føresette som er vakter. Dette er ikkje så rart, for ho har fungert som kommunen sin fritidsleiar heilt ut til fingerspissane, og med det tatt mykje meir ansvar i jobben enn det som er forventa av ein lærling. Me vil sakna henne etter at ho er slutta.*


Lukke til med fagprøva!

# URTER TIL NYTTE OG GLEDE

Bokn bygdeutvikling har ei gruppe som syslar med urter. Me har for tida 8 medlemmer som deler denne interessa. På Are har me eit felt kor me i fjar dyrka tre typar urter: Peppermynte, ringblomst og oregano. Me kjem til å prøve oss fram både m.o.t.kva type urter me dyrkar og mengde. Me vil slja ferdigtørka urter i stort til urtemottak samtidig som me og driv detaljsalg. Me har vore med på fleire arrangement i Bokn. Det siste me var med på var julemessia i Arsvågen.

Me merkar at interessen for å brukar urter er aukande. Det er likevel ikkje alltid ein veit alt om kva urtene kan brukast til. Urter kan brukast både som medisin, krydder i mat eller berre å nyta ein kopp urtete for smaken sin del. Det er og blitt meir og meir vanleg å nytta urter i framstilling av helsekost og kosmetikk fordi ein veit at urter gjer godt for kroppen.

Våre urter er dyrka utan bruk av sprøytemiddel eller kunstgjødsel. Me vil informera om ei av urtene våre, oregano, litt om planta og korleis du kan brukha ho.



Ein finn fleire typar oregano. Dei mest kjende her er gresk oregano og oregano (også kalt bergmynte). Gresk oregano er kortare enn bergmynte som me har dyrka. Oregano er hardfør, fleirårig og veks vilt fleire plassar i Noreg, men er mest vanleg som hageplante. Urten kan nyttast fersk eller tørka til mat, medisin eller som pryd.

Oregano er ypperleg krydder i mat, særleg mykje brukt i pizza, gryterettar og til pasta. Du kan og gni urten inn i steik av vilt saman med salt, pepar og knuste einerbær, og du kan tilsetje oregano i sausar, til kjøtt og tomattrettar. Det er i grunnen berre å prøve seg fram til nye bruksområde. Oregano er ein av dei beste antiseptiske plantane, då den har eit høgt innhald av tymolin.

I urtegruppa treff du folk som brukar urter, og som gjerne tipsar om eigne erfaringar med urtene. Dersom du deler vår interesse eller er nysgjerrig på dette med urter, er du hjartelig velkommen som medlem. Dersom du vil kjøpe noko av det me har produsert kan du kontakte ein av medlemmene som står nedanfor eller underteikna.

Ingunn Are	52 74 84 41
Wenche Jøsang	52 74 85 73
Solveig Ellingsen	52 74 86 02

*For urtegruppa: Jorid Vea*


## GI DEG TID....før du kjører

Kjører du påvirket,  
koster det dyrt...



- Å føre et kjøretøy stiller krav til alle sansene og evnene dine.
- Selv små mengder alkohol kan svekke evner, dømmekraft og førlighet.
- Alkohol og andre rusmidler kan sitte lenge i kroppen.
- Politiets reaksjon på promillekjøring og medikamentrus er meget streng.
- Skal du ”på by’n” en kveld – la bilen stå – kanskje også neste dag!

*ROGALAND FYLKE, Trafikksikkerhetsutvalget.*



# TORANESET RENOVASJONSSLESKAP

INFORMERER

BOKN



ETNE



TYSVÆR



VINDAFJORD



ØLEN



## Prisar for leveranse av avfall på Toraneset Renovasjonspllass frå 01.01.98

### IKKJE SORTERT PRODUKSJONSAVFALL:

T. d. restavfall frå kontor og forretningar,  
næring og industri-verksemder o.l. Pris: kr. 420,- pr. tonn

### SORTERT PRODUKSJONSAVFALL:

Som kan nyttast av Toraneset til ombruk eller attvinning:

Pris:

Sortert (trevirke, stål/metaler)	kr. 150,- pr. tonn
Avvatna slam og vomfyll for kompostering	kr. 200,- pr. tonn

### SORTERTE FRAKSJONAR SOM IKKJE KAN NYTTAST

Pris:

Blåsesand	kr. 200,- pr. tonn
Asbest/Eternitt	kr. 450,- pr. tonn

Prisane er utan moms.

### UNNTAKSVIS KAN NEVNAST:

Personbil, stasjonsvogn frå private  
Personbil m. tilhengar, pick up frå private  
Spesialavfall (spillolje/maling/bilbatteri) frå private

Gratis

Gratis

Gratis

NB! Traktor m. tilhengar, stor varebil må betale etter vekt.

**Har du spørsmål om avfallshandsaming, ta kontakt!**

Renovasjonsplassen er ope:

Måndag, tysdag, onsdag og fredag	kl.08.00 – 15.00
Torsdag	kl.08.00 – 19.00
Laurdag, søndag og helgedagar	Stengt

Tlf. 53 76 24 74 – fax 53 76 26 27

# CONTAINERRENOVASON

Pris på containerrenovasjon utført av Hella Transport A/S og innkravd av Toraneset Renovasjonsselskap.

Prisauken skuldast høgare avgift på leveranse av usortert avfall på renovasjonsplassen, samt indeks regulerering.

Prisane gjeld frå 01.01.98.

Cont.vol	Ant. tømmingar	Pris pr. tømming	Pris pr. år
2,5 m3	26 pr. år	211,95	5.510,70
2,5m3	52 pr. år	211,95	11.021,40
4,5 m3	26 pr. år	340,57	8.854,82
4,5 m3	52 pr. år	340,57	17.709,64
8,0 m3	26 pr. år	560,53	14.573,78
8,0 m3	52 pr. år	560,53	29.147,56
10,0 m3	26 pr. år	684,02	17.784,52

For abonnentar som har behov for ein tømefrekvens som er mindre enn 26 tømingar pr. år, skal det reknast ei leige for dei vekene som containeren ikkje vert tømt:

2,5 m3	skal det reknast ei leige på	28,66 pr. veke
4,5 m3	" " " " "	42,99 pr. veke
8,0 m3	" " " " "	66,53 pr. veke
10,0 m3	" " " " "	81,89 pr. veke

## Priseksempel: 2,5 m3 container som blir tømt 12 gonger pr år

12 tømingar	a kr 211,95	2.543,40
leige (26 – 12)= 14 veker	a kr 28,66	401,24
Til saman pr år		2.944,64

Gebyr for byte til større eller mindre containerar og til kundar som ynskjer ny container (har tidlegare avslutta kundeforhold til Hella Transport A/S) er kr 890,50.

Alle prisar er utan moms.

Rekning blir sendt ut 4 gonger pr. år 01.01., 01.04., 01.07, 01.10.

**Kundar som har få tømingar og må betala leigepris på containeren får leigeprisen inkludert i rekninga 01.01.**

Med helsing

Ole A. Svendsen  
økonomileiar



# SOSIALKONTORET INFORMERER



## ØKONOMISK SOSIALHJELP

Eitt av delmåla til Bokn sosialkontor er større vektlegging av råd- og rettleiingstenesta. Informasjon om tenester i bygdabladet er eit tiltak som skal nyttast for å nå dette målet. I bygdablad nr. 9 - 1997 starta dette informasjonsarbeidet opp, og her kjem neste kapittel, kor me tek for oss emnet:

### **Økonomisk sosialhjelp.**

Det er vanskeleg å gi ein fullstendig og heilt uttømande informasjon om emnet. Ein prøver imidlertid å gi litt generelle opplysningar innafor området. Treng du meir, kan du ta kontakt med sosialkontoret.

Økonomisk sosialhjelp er ei yting som sosialtenesta står for. Retten er heimla i "Lov om sosiale tjenester - kapittel 5.

Bokn kommune har - som mange andre mindre kommunar, ikkje mange som er avhengige av økonomisk sosialhjelp. Det tyder vel på at dei fleste har tilstrekkeleg utkome til eit anstendig liv.

Dersom du treng sosialhjelp, kan du venda deg til sosialtenesta i den kommunen du bur eller held til. Dei som er tilsette i sosialtenesta, har teieplikt.

Dersom dei økonomiske problema dine heng saman med ein vanskeleg livssituasjon, kan løysinga vera råd og rettleiing framfor økonomisk støtte og hjelp. Sosialtenesta skal visa deg til andre som kan hjelpe deg, dersom dei sjølve ikkje kan gi hjelpe deg.

### **Kven har rett på økonomisk sosialhjelp?**

Du har krav på økonomisk sosialhjelp når du ikkje finn andre utvegar til å forsørgja deg sjølv på. Når sosialkontoret skal vurdera dette, vil ein saman med deg undersøkja kva utsikter du har til

å skaffa deg anna inntekt. Sosialtenesta kan også hjelpe deg med å finna ut om du har krav på andre stønadsordningar som t.d. bu-stønad, utbetringslån eller anna støtte frå Husbanken. Sosialtenesta har plikt til å informera og rettleia deg om alle forhold som kan setja deg i stand til å forsørgja deg sjølv. Sosialhjelp er eit rettkome krav når alt anna er prøvd.

Det er mest vanleg å gje all økonomisk sosialhjelp som tilskot eller stønad. Men hjelpa kan også gjevast som lån, garanti for lån eller i form av varer og tenester.

### **Kva slags opplysningar treng sosialtenesta?**

Før sosialtenesta kan avgjera om du har krav på økonomisk hjelp, må dei ha opplysningar som stadfester den økonomiske situasjonen din. Dvs oversikt over alle inntekter og utgifter. Sosialtenesta kan krevja at du legg fram lønnslippar, opplysningar om trygdeytingar, kontoutskrifter, dokumentasjon av bukostnader osv.

### **Plikt til å ta arbeid?**

Er du arbeidsledig, har du plikt til å halda kontakt med arbeidsformidlinga og gjera ein aktiv innsats for å skaffa deg arbeid. Du kan ikkje la vera å ta ein ledig jobb eller gå på arbeidsmarknadstiltak fordi du heller vil ha sosialhjelp. Dersom du er arbeidsledig, må du sjølv gjera ein innsats for å skaffa deg arbeid. Har du problem som gjer det vanskeleg for deg å koma i arbeid, kan du drøfta desse vanskane med sosialtenesta.

### **Kva skal den økonomiske sosialhjelpa dekka?**

Lov om sosiale tenester seier ikkje noko om kor stor sum du kan få i sosialhjelp.

Økonomisk sosialhjelp skal dekka grunnleggjande behov.

Alle søkjrar skal vurderast individuelt. Lova nyttar omgrepet "livsopphald". Kva det omfattar, kan variera frå person til person, og det er også avhengig av utgiftsnivået der du

bur. Omgrepet "livsopphald" omfattar også bukostnader, men sosialhjelpa skal berre dekka buutgifter som er så rimelege, at det er sannsynleg at du sjølv kan klara å dekka dei i framtida.

### **Kan sosialtenesta stilla vilkår for sosialhjelpa?**

Sosialtenesta kan stilla vilkår for at du skal få sosialhjelp. Føresetnaden er då at vilkåret ikkje verkar urimeleg tyngjande for deg. Dette vilkåret skal ha samband med hjelpebehovet, og siktemålet er å gjera deg betre i stand til å klara deg sjølv.

Eksempel på vilkår kan vera at sosialkontoret kan kreva at du samarbeider med arbeidskontoret om å skaffa deg arbeid, eller blir med på arbeidstreningskurs eller liknande.

Sosialtenesta kan også setja vilkår om at ting som du eller familien ikkje treng, må seljast. Døme på slike ting kan vera hytte, campingvogn eller liknande.

Har du høge bukostnader, og dette er årsaka til dei økonomiske problema dine, kan sosialtenesta setja som vilkår for sosialhjelp at du skaffar deg ein rimelegare bustad. Dersom du ikkje greier å styra din eigen økonomi, kan vilkåret vera økonomisk rettleiing og hjelp til å setja opp eit budsjett.

### **REGLAR FOR SAKSBEHANDLINGA I SOSIALTENESTA**

#### **Teieplikt.**

**Alle som arbeider i sosialtenesta, har teieplikt.**

**Denne plikta gjeld også fødestad, fødselsdato, personnummer, adresse, statsborgarskap, sivil status og arbeidsplass.**

#### **Innhenting av opplysningar.**

**For å få den informasjonen som trengst for å kunna gjera vedtak om sosialhjelp, kan sosialtenesta krevja visse opplysningar frå andre offentlege organ. Dette skal så langt råd, skje i samarbeid med den som har søkt om ei slik hjelp.**

#### **Innsyn.**

**Har du søkt om sosialhjelp, har du som hovudregel rett til innsyn i alle dei**

**dokumenta som sosialtenesta hentar inn, når dei skal avgjera søknaden din.**

#### **Klage.**

**Du kan klaga til fylkesmannen på vedtak som sosialtenesta har gjort. Ein slik klage sender du til sosialtenesta, som så sender han vidare til fylkesmannen. Om du treng hjelp til å setja opp ein skriftleg klage, har sosialtenesta plikt til å hjelpa deg med dette.**

*Sakset fra "Gazette" – Statoils internblad*

## **KONTRAKTSAVSLUTNING I EUROPIPE II PÅ BOKN**


Kruse Smith-gruppen, som har stått for de første grunnarbeidene på Bokn i forbindelse med Europipe II - utbyggingen, er i disse dager på det nærmeste klare for demobilisering. I og med uklarhetene rundt valget av trase fra Kårstø til Austre Bokn, og dermed også valg av trase over øya, har de første grunnarbeidene begrenset seg til Vestre Bokn. Entreprenøren, som i store deler av arbeidene har benyttet underleverandørene T. Stangeland Maskin og Sjøentreprenøren, har stått for klargjøringen av riggområdet på Knarholmen, utbedringen av fylkesveier, bygging av vei til ventilstasjonen ved Trosvik og sprenging av landfallsgrøften ved Karmsundet.

#### **Ingen skader**

Siden arbeidene startet i september i fjor og fram til månedskiftet januar/februar er det utført 17000 arbeidstimer. Godt helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid og god integrering med utbyggerens anleggsteam har gitt full uttelling på skadestatistikken. Vi hadde så nær sagt; i tråd med Statoils filosofi kan prosjektet så langt skilte med 0 skadefravær.

## **EV. INDUSTRIETABLERING PÅ AUSTRE BOKN**


Kommunen har ikkje fått meir informasjon frå interessantane enno, men Bygdabladet reknar med at dette er klart til aprilnummeret.



# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

BÅRNEBOK

PÅ  
BIBLIOTEKET



- PEIKE OG BILETBØKER FOR DEI ALLER MINSTE
- BØKER TIL Å KOSE SEG MED -
- BØKER TIL Å LÆRE NOKO AV -
- BØKER SOM GIR DEG EIN GOD LATTER
- BØKER SOM GIR DEG SVAR PÅ DET MESTE DU UNDRAR PÅ
- EVENTYRSAMLINGAR OG SERIAR


**BRUK BIBLIOTEKET**

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : 10.00 – 13.30

ONSDAG : 16.00 – 19.00

TORSDAG : 10.00 - 13.30



## BIBLIOTEKET

- HAR SAKSPAPIRA TIL KOMMUNESTYRET FORMANNSKAPET DRIFTSSTYRET FORVALTNINGSSTYRET ELDRERÅDET


VELKOMMEN TIL Å BRUKA INTERNETT PÅ BIBLIOTEKET, DER KAN DU HENTA INFORMASJON FRÅ HEILE VERDA GRATIS!



# KVERNHUS I KVEDNABEKKJEN?

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Mange har i lang tid ytra ynskje om dette, og tillegg til møteverksemد om prosjektet har ordføraren, Målfrid Kro Trosvåg og underteikna vore i Hommersåk, nærmere bestemt ved Frøylandsbekken der dei har reist kvernhus etter slike planar som me har. Svoger til Målfrid, byggmester Bjarne Skjørestad og idéinnehavar Sverre Frøyland gav oss ei entusiastisk omvisning i kvernhusa ved idylliske Frøylandsbekken. Det blei tatt ein del bilder, sjølvsgart med tanke på at me skal få til det same i Bokn. Dei blei også invitert til Bokn for å sjå på tilhøva og koma med sine erfaringar.



Fv. Sigrunn Hole Hosaa og Målfrid Kro Trosvåg foran kvernhusa i Frøylandsbekken.

satsinga, del av skuleopplegg, del av kulturelt opplegg, m.m.


## KAN DU HJELPA OSS?

Det har tidlegare i skulesamanheng vore jobba med kartlegging av kvernhusa langs kvednabekkjen – frå Boknabergsvatnet til Boknasundet. Opplysningane om kor mange det var, kor dei stod, kva tid det siste blei rive, osv. er forskjellige, så veit DU noko om dette vennligst ta kontakt med kulturkontoret. Det handlar om Bokns kultur.

Den aktuelle staden for å reisa eit kvernhus er kommunen sine areal ved gang- og sykkestien aust for fylkesvegen. Huset kan t.d. nyttast som ein del av museumsdrifta, saman med reise-

livs-

BOKNABERGS-  
VATNET




Kartet viser Kvednabekken frå Boknabergsvatnet til Boknasundet ( i dag er mykje av han lagt i rør ). Pilene langs bekken viser kor husa stod (etter dei opplysningane me har i dag). Men var det 11 stk., eller 13 stk., eller noko anna?

Planlegginga er i startgropa. Bygdabladet vil sjølvsgart fylgja opp prosjektet.

## FRÅ SEGLSKUTETIDA

Etter eit avbrot starta sildefisket på ny kring Bokn frå 1808 og heldt fram til 1871. Det førde til at stadig fleire satsa på sildesalting. Dei bygde bryggjer og sjøhus i Loden, på Hognaland, Sunnaland, Grønnestadvågen, Trosnavåg, Are, Alvestadkroken, Føresvik, Kro, Ogn, Ørvabøvågen, Nerabøsjøen og i Kistevika i Krågevågen. Jamvel sildeeksportørar i Stavanger og kanskje frå nokre andre stader bygde salteri som me mellom anna finn restar etter langs Jøsenlandet og innst i Grønnestadvågen.

All salteverksemda førde til mykje trafikk med føring av tønnestav og salt og med transport av salta sild. Mange boknarar skaffa seg eigne fartøy: skøyter, sluppar og jekter - mest det siste - som eigna seg bra til innanskjers fart. Anders Sunnaland og Ingebret Hodl åtte ei tid ein skonnert i hop. Men den svære seglføringa gjorde han mindre eigna til kystfart. Difor selde dei og skaffa seg ei jakt i staden.



Jakt

teikning: BL

Ein trafikk  
for seg  
dreiv  
firmaet  
Groom &  
son frå  
Nordre  
Vågaholm  
en. I alt  
skal dei ha

drive hummareksport med sju brunnkutterar.


Fleire sildesaltarar på Bokn sikra seg så store fartøy at dei kunne føra silda på eigen kjøl - mellom anna til Sverige og byane kring Austersjøen. Slike litt større sildeentreprenørar heldt mellom anna hus på Hognaland, på Are, i Ogn, i Kro og på Ørvabø. Og jamnast sikra dei seg også last tilbake - for det meste korn frå Austersjøhamnene.

Av dei større boknafartøya kan nemnast "Pilen", ei stor "to-pinna" skøyte til Mons Larsen i Føresvik. "Pilen" heitte også den store jekta til brørne Lars og Kristoffer Hognaland. I 1880-åra blei ho sold or bygda, forlengd og rigga om til galeas. Mange år seinare havarerte ho i den engelske kanalen.

Ein ung gut i Grønnestadvågen freista seg og med fraktfart. Han hadde spara litt pengar og kjøpte seg skøyte. Ho var nok ikkje av det prektigaste som flaut på vatn, for i folkesnakket blei ho bare omtala som "Lyng-Siri" etter ei skral legdekone i bygda. Det gjekk heller ikkje likare enn at "Lyng-Siri" stranda ved Jærens Rev. Eigaren og hjelpesmannen hans berga seg i land og telegraferte heim: "Forlist i dag på Jærens Rev - alt vel - Daniel".

Etter 1871 gjekk det ut med vintersildfisket for ein periode. Fartøyeigarane omstilte seg då frå frakt av salteutstyr og sild til fraktfart på norskekysten og på Sverige og Danmark. Det vart også kjøpt inn fleire nye fraktfartøy til Bokn, mellom av far til Elisæus og Erik Ogn som fekk seg ei jekt i lag. Med henne segla dei frakt til Østersund, på Austlandet og nordover Vestlandet til Kristiansund. Andre

drog med  
nøter og  
salteutstyr til  
feitsildfisket  
på Nordland.  
Stadig fleire  
dreiv med  
fraktfart som  
leveveg -  
mellan anna  
fleire på Ogn  
og på Austre



Skøyte

teikning: BL

Bokn, på Grønnestad, Hognaland, Are, Laupland, Alvestad, Føresvik og nokre stader til. I alt skal kring 20 fartøy ha hørt til på Bokn på denne tida.

-framhald i neste nr.

# 50 ÅRS-JUBILEUM FOR KONFIRMANTAR

7. september i fjor var det 50 års-jubileum for eit konfirmantkull i Bokn. Soknerådet hadde invitert, og 11 av dei 13 ( to er døde ) som for 50 år sidan gjekk og las for Olav Ragnar Værnes hadde ein koseleg og gild dag. Dei las forresten ei vake for presten og ei for klokkaren den gongen. Klokkaren var i den tida lærar Lygre, og dette gjentok seg fram til konfirmasjonen 12. oktober 1947. Då måtte dei kunna utanåt stykke frå bibelsoga og kattekisma og salmer frå salmeboka.

Feiringa i september i fjor starta i kyrkja. Der blei Henry Thuestad og Leif Vatnaland intervjua ( overhøyrd ) av presten Arne Aurdal. Det blei ein fin start på dagen. Etterpå drog dei til Arsvågen 2. etg., der det var dekka til festmåltid, middag og seinare kaffi. Henry Thuestad hadde skrive ein helsingstale som han leste opp, og bidro til at dagen blei minnerik for konfirmantkulen.



1947: bak fv. Ottar Håland, Lars Are, Henry Thuestad, Peder E. Våge og Leif Vatnaland.

Foran fv. Astrid Øvrebø, Ingebjørg Våge, Thea Alvestad, Liv Håland, Olav Ragnar Værnes, Berly Vatnaland, Anne Gerd Bokneberg, Anna Øvrebø og Hannemor Bokneberg



1997: bak fv. Ottar Håland, Peder E. Våge, sokneprest Arne Aurdal, Leif Vatnaland og Henry Thuestad.

Foran fv. Hannemor Alvestad (Bokneberg), Berly Kristoffersen (Vatnaland), Anne Gerd Nielsen (Bokneberg), Thea Johnsen (Alvestad), Ingebjørg Kolnes (Våge), Anna Are (Øvrebø) og Astrid Øvrebø. ( Lars Are død i 1956 og Liv Lindanger (Håland) død i 1997 ).

# "TORLAND BUFELLESSKAP"

Tekst og foto: Ove Alvestad

No er det på tide å fortelje litt om kva som går føre seg på Torland. For snart to år sidan (april 1996) stod det litt i bygdabladet om eit påtenkt prosjekt på Torland. Det som den gongen var planlagt og som no har vore i drift i halvtanna år, er eit bufellesskap for ungdom.

Fire unge mellom 12 og 18 år bur i dag saman med to vaksne. Dag og Elin den eine veka og Liv Jorunn og Fredrik den andre. Kjell har ansvar for garden og dyra. Han er og til tider med og bur i huset når andre er borte.

Ove sit for det

meste på kontoret og flytter papir. Vi er altså til saman seks heiltidstilsette i stiftelsen.

## DAGANE GÅR .....

Vi er like trøytte som dei fleste andre om morgonen, men kjem oss opp og ut kvar dag. På skulen eller arbeid.


Dei vaksne har den travlegaste tida si når dei unge er på skulen. Då skal rapportar, brev og planar skrivast, klede, hus og heim stellast, arbeid gjerast i fjosen og på garden, samt ha kontakt med diverse kontor og familiane til dei unge.

Etter skulen er det lekser, plikter heime og ulike aktivitetar som til dømes riding og stell av hest, fotball, egghenting, snekring, besøk, diskotek og mykje, mykje meir.

## HESTEDILLA?

Hestane våre var ikkje med då vi starta opp. Men etter kvart har vi fått fem hestar til gards. To er våre og dei andre er på for for ei tid. *Floristan* er ein varmblodsvallak som er 7 år og flink i

dressur og sprang. *Tinna* (11), *Lettir* (14) og *Blakkur* (26) er islandshestar som vert brukt til det meste, men er svært høvande for turriding. *Brusa* (7) er ein fjording som ventar føl til sommaren. Ho vert både ridd og køyrt.



Huset på Torland m/tilbygg, hausten 1996

No er det slik at vi har bygd om det som før var kombinert fjos/sauehus til stall/sauehus. Dei 90 vinterfora sauene beheld plassen sin og vi har fått 4 «hesteboksar» og fire «spiltplassar.» Det som no vert spanande er om vi kan få oss ein brukbar ridebane.

Gassrøyren til Kårstø vil gå over garden og

dersom vi får løyve har vi sagt oss villige til å ta i mot overskots-masse frå anleggsarbeidet. Denne massen kan leggjast slik at vi med litt eigeninnsats kan få ein fin ridebane der det no er ein «sump».

Hestane er ofte i bruk og dei er trivelege å ri. Vi har som nemnt plass til fleire hestar og hestane våre treng meir trim. Vi er no komne så langt med innreiing, tilrettelegging og planlegging at vi kan invitere dei som måtte vera interesserte i hest til å kome å bruke hestane etter avtale. Skulle nokon trenge stallplass for eigen hest, kan vi kanskje ordne det.

## TILBAKEBLIKK

Å starte opp og å drive eit bufellesskap på Bokn, som eit lite lokalsamfunn, har vore ei svært positiv oppleving. Alle dei vi har vore i kontakt med har vist velvilje, interesse og forståing for det arbeidet vi gjer. Dette gjeld både privatpersonar og offentlege instansar. Særleg vil vi trekke fram Bokn skule ; leiing, tilsette og elevar der har teke alle utfordringar med nye

elevar som kjem dumpande inn på kort varsel , på strak arm.

Då planane vart lagde for oppstart var påbygging av våningshuset ein føresetnad for dette. Påbygget vart bygd hausten 97 etter at vi hadde teke i mot dei første ungdomane. Tilbygget inneheld 2 nye soverom, bad og vaskerom med inngang. Tilbygget vart finansiert gjennom BU-lån.


Oppstart og drift har vore krevjande og spanande. Dette gjeld det som går på det det faglege innhaldet, men ikkje minst på den

fylkesbarnevernet og kommunen om å leggje til rette for at den enkelte skal få best mogeleg utbyte av opphaldet. Det er ulikt kor lenge den enkelte kjem til å bu på Torland , men i utgangspunktet kan dei bu så lenge det er ynsje om det. Det vil sei at dei unge kan bu her i opptil fleire år.

## FRAMTID

Vi trivst med og vonar at vi kan halde på den arbeids- og buforma vi har i dag også framover.

Kontakten med andre er god og vi vonar den kan bli ennå betre. Hestane våre er alt nemnt som eit



Hestedilla? – fv. Fredrik Balchen, Kjell Eilerås, Dag Monsen og Sigrid Hallingstad..


økonomiske sida. Stor og fleksibel innsats frå dei tilsette samt godt samarbeid og med tillit frå «Boknabanken» gjer at vi no har eit godt fundament for vidare drift.

## ORGANISERING

Det er Stiftelsen Torland bufellesskap som driv og har ansvar for heile garden som dei leiger. Fylkesbarnevernet i Rogaland er oppdragsgjevar og plasserer barn og unge frå fylket på Torland etter søknad frå deira heimkommune.

Bufellesskapet samarbeider med

tilbod til andre og skulle det med tid og stunder verte ridebane på Torland vil grinda inn ikkje vere lukka. Ein ting som har dukka opp i samband med at vi rir i utmarka er at det fins få vegar som er opne. Sjølv mange gamle stiar og køyrevegar er stengde med gjerder som det er uråd å forsera. Ei grind her og der ville vore bra. Det å kartlegge og eventuelt ruste opp gamle ferdelsvegar kunne gjerne vore ein ide til nytte for både to og firbeinte.



## TANKAR OM SKULEN

Det e kjekt når me leke utføre i sandkassen. Det e kjekt å se på fly og helikopter når dei fyke øve. Kjekt med bilar og lego. Kjekt å plukka rogneber og tytteber. Kjekt å gjer lekser og sånt. Kjekt å spisa sånn frokost. Så vil eg at når hvis det blir regn å finna rogneber, blåber og sånt. Anders Aksdal

# EI NY TID

av Gunnar Alvestad

Det vart ei ny tid for boknarane då dei fekk elektrisk straum og lys i 1955. Det vart slutt med mykje av tungarbeidet så som lyngbering og torvarbeid m.m. Elektrisk oppvarming av husa vart vanleg og vedkomfyrar og primusar kasta eller bortsette. Ei mengd med elektriske hjelpemiddel kom etter kvart i bruk. Ein kan nemna i fleng: Elektrisk omn og komfy, frysar, vaskemaskin, mjølkemaskin, kjøkkenmaskin, støvsugar, elektrisk sag, barbermaskin m.m.

I dag er dette sjølvsagde hjelpemiddel og me tenker lite på kor lettint me har det mot før i tida. Berre når det vert straumstans ser me kor hjelpelause me er når det ikkje nytta å trykkja på knappen. Likevel vil eg seia at det beste me fekk i 1955 var elektrisk lys. Tidlegare var det parafinlampen som vart nytta når dagslyset tok slutt. Jamen kunne det vera mørkt både ute og inne midtvintersdag. Heime hadde me ei hengjelampe over stovebordet og ein liten tir på kjøkkenet, og slik var det vel i dei fleste husa.

Lese- og skrivearbeid måtte me helst gjera om dagen. Eg hugsar godt dei lange, mørke morgenane, for då lika eg best å gjera lekser. Men mor var snar til å sløkkja lampen. Me må ikkje brenna hol i dagen, sa ho. I fjøset og ute brukte me flaggermuslykt. Ufarleg var det ikkje, korkje med lampe eller lykt. Skrua me veiken for langt opp, steig det opp ein svart, giftig røyk. Stearinlys var endå farlegare. Det var så lett å sovna frå dei og det kunne verta brann. Me måtte alltid sløkkja alle lys før me la oss til å sova.

Det sterkeste lyset me hadde var primuslykta, eller «Hynsalykta» som me sa. Ho vart helst nytta i hønsehuset så hønsa skulle verpa betre. Skulle me ut ein mørk kveld, var det godt å ha med ei lommelykt. Ein kan spørja kva me gjorde på dei lange vinterkveldane. I det sparsame lyset kunne manfolka gjerne bøta eller binda garn og kvinnene spøta. Me hadde god tid til å snakka med kvarandre og ikkje som nå berre sjå på fjernsynet.

## NYTT STYRE I BOKN ARBEIDARPARTI

Tirsdag 10. februar 1998 heldt Bokn Arbeidarparti årsmøte i kommunestyre-salen. Fylgjande blei valde til nytt styre for 1998:

Leiar:	Elisabeth Gundersen
Nestleiar:	Birger Lindanger
Kasserar:	Arne Hosaas
Sekretær:	Svein Ivar Langhelle
Styremedlem:	Harry Boknaberg
Varamedlemmer:	Laila Nemeth og Marie L. Faye.

Leiar blei vald som utsending til Rogaland Arbeidarpartis representantskap og til Rogaland Arbeidarpartis årsmøte med nestleiar som varamann begge stader.

Birger Lindanger innleia til debatt om planane for austsida av Austre Bokn. Møtet blei avslutta med mat og sosialt samvær.

## TUR TIL VOSS

### BOKN RØDE KORS BESØKSTJENESTE

Haugaland Billag, sjåfør John Magne Lie, vil også i år arrangere 4 dagers tur, denne gang til Voss.

Turen fram går gjennom den moderniserte Åkrafjordveien til Odda og vestsiden av Sørfjorden. Det blir besøk på Agatunet, som er en landsby fra det 13. århundret.

Mens vi er på Voss blir det utflukter, bl.a. til Flåm og den berømte Flåmbanen.

Hjemturen går via Nordheimssund, over Tysnes og Stord. Det blir god anledning til shopping.

Pris pr. person	kr. 1.500,-
Tillegg for enkeltrom	kr. 300,-

Bindende påmelding innen 1. mai på telefon 52 74 83 90 eller 52 74 83 38.


Ring gjerne for mer informasjon.

# GAMMAL EIK PÅ TROSNAVÅG

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Tregruppa i Bokn Bygdeutvikling har lenge vore interessert i dei gamle trestammane rundt omkring i myrene, og då særleg ekestammane. Å laga artiklar av ein trestokk som ein har fått dokumentert alder på, vil medføra stor verdi på produkta. Gruppa har vore klar over at mange av desse stokkane i alle fall var 2.000 år gamle, og i fjor haust blei det til Arkeologisk museum i Stavanger sendt ein bit av ein gammal ekestamme på Trosnavåg for datering. Dei sendte han vidare til Trondheim, og i februar kom dokumentasjonen: **ekestammen er 4.500 – 5.000 år gammal!**

Eg tok ein tur ut til Daniel Thuestad for å sjå nærmere på dette fantastiske kulturminnet. Daniel har også venta i spenning på dateringen, og visste ikkje at ekestammen som han gravde opp under dyrking av myra vest av gardstunet for ei tid sidan var så gammal. Han låg 1-2 meter ned i myra og var 5-6 meter lang. Den svintunge, svarte stokken har Daniel seinare delt i tre, og delen i midten og den øverste delen er tatt inn.




Eikerota foran det dyrka området der eika eingong stod.

- Eg må nok ta inn rota også no når dette viser seg å vera så unikt, seier Daniel. - Må få ho under tak førvêr og vind lager fleire sprekker i henne, legg han til i det han måler diameteren på stammen: 70 cm.


Daniel viser meg også årringane, bittesmå, ca. 10 stk på 1 cm – det blir 700 stk.! Eika har altså vakse i alle fall 700 år – utruleg å sjå dette.

Vegen til den store rota går forbi ein del fururøtter som ligg i haugar i nærleiken av det dyrka området, og Daniel fortel at det nok er mest vanleg med furu i myrene, men også ein del eikerøtter.



Inne på lagringsplassen er stammen tørr og fin, og det er ein spesiell følelse å ta i tre som er 4.500 – 5.000 år gammalt!

Daniel viser meg også ekslusiv klokke som er laga av ein del av denne stammen. Urverket er montert på noko som minner om eit ausekar. Ikkje alle som har så gammalt tre på kjøkkenveggen.....



Stein Alendal fortel til Bygdabladet at Bokn Bygdeutvikling er interessert i å kjøpa deler av dette unike trematerialet – dog kanskje ikkje til same pris som det går rykter om blir gitt i Sverige. Der kostar noko slikt kr. 800,- pr. kg.

Det er også god grunn til å tru at det kommunale bygdemuséet også er interessert i eikerota.

Før Bygdabladet gjekk i trykken kunne Daniel fortelja at rota allerede var tatt inn til tørking. Den enorme rota bør ligga til tørk ei god stund før ho blir bearbeida og sett inn med eit eller anna. Daniel opplyser også om at han ikkje har tatt stilling til kva som seinare skal skje med rota.

# HELSESEKSJONEN INFORMERER

## NYE EIGENANDELAR FOR LEGEHJELP

Stortinget endra takstane for eigenandelar for legehjelp frå 15.01.98.

Dei nye/endra eigenandelane:

Konsultasjon dagtid :	kr. 102,-
Konsultasjon kveldstid :	« 150,-
Sjukebesøk dagtid :	« 150,-
Sjukebesøk kveldstid :	« 200,-
Enkel legekontakt :	« 20,-

**UTGIFTSTAK FOR FRIKORT : KR.1.290,- (som før).**

## HANDLINGSPLAN FOR ELDRE

Stortinget har ved St.melding nr. 50 vedtatt en fireårig handlingsplan for eldremosseren. Det er sett krav til at kommunane utarbeidar eigne planar, som i neste omgang skal utløysa tilskot frå den auka innsatsen for dei eldre.

Kommunestyret i Bokn vedtok den 27.januar ein slik plan for vår kommune, som er sendt til fylkeskommunen for vurdering. Det blir spennande å sjå korleis dette går, og kor mykje kommunen får tildelt av desse midlane. Det vil bli orientert om dette seinare.

## FERIEVIKARIAT SOMMAREN 1998

I pleie og omsorg treng vi ferievikarar frå medio juni til medio august. Dette gjeld sjukepleiarar, hjelpepleiarar/omsorgsarbeidrarar, assistenter og kokk.

Dei som skal delta i heimetenestene må ha bil tilgjengeleg.

I søknaden må det gå fram tidsrom ein kan arbeida.

Opplysningar om stillinga og ferievikariata kan ein få ved å kontakta Gunn Grønnestad eller Miriam Berland.

Søknad med attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, Helsesekjonen, 4290 Bokn innan 25.03.98.

## LEDIG VIKARIAT SOM HJELPEPLEIAR/OMSORGSARBEIDAR

I tidsrommet 07.05.98 - 05.05.99 er det ledig 50 % stilling som hjelpepleiar/omsorgsarbeidar ved pleie og omsorg i Bokn.

Arbeidet omfattar arbeidsoppdrag i modellen med samordna tenester, institusjon og heimetenester. Arbeidet er i turnus med vakt kvar 3.helg.Bil må vera tilgjengeleg i tenesta. Løn følgjer Hovedtariffavtalen etter type utdanning og ansennitet.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

## UKM

Fylkesmønstringen av *Ungdommens kulturmønstring* ble holdt lørdag 21. og søndag 22. februar i Tysværtunet.

Gunnar Ulland fra fylkeskulturstyret ønsket alle de 270 deltakerne velkommen og ønsket lykke til.

Lydnivået var i det meste laget, selv ungdommene reagerte. Ellers gikk arrangementet uten noe kluss.

Bianca Alvestad og Daghild Grønnestad representerte Bokn med sangen «The Rose». De var veldig nervøse, men det gikk kjempebra. De har jo hatt en god del øvingstimer i forkant med god hjelp fra blant andre Vibeke Nilsen.

Ellers var der forskjellige innslag av selvlaget video, dans, miming og mye sang og musikk. Noen elever hadde laget modell av livet på gården fra gamle dager, som de hadde hatt til prosjekt på skolen. Kanskje Bokn skole kan ha dette i tankene til neste prosjekt på skolen. Mange fine malerier, tegninger og forskjellige figurer laget av stein og røtter.

Kulturmønstringa i Bokn har liksom stoppet opp. Kanskje ungdommene trenger en håndsrekning fra voksne. Det er jo ikke bare sang og musikk som er kultur. Vi har jo ellers så mange kreative her. Hva med vev og annen gammel håndarbeidsteknikk. Vi har flinke malere. Hva med trearbeit?

Lykke til med neste års kulturmønstring.

( Beklageligvis blei bildene frå Tysværtunet for mørke ).

# INTERVJU MED LINDA OGNØY



av Nina Kristine Solberg  
og Tone Hognaland



Me har laga eit intervju med Linda Ognøy, bibliotekaren vår.

Linda er opprinnelig frå Bokn, her har ho budd i 37 år, ho har også budd nokre år i Stavanger. Linda har tre barn på 20, 16 og 4 år. I fritida likar ho å lesa og driva med handarbeid. Linda likar sommaren og våren best fordi då er det så lyst og fint.

Ho har jobba på biblioteket i litt over 9 år, og trives i jobben. Ho legg til at jobben har forandra seg gjennom åra, og at det blei lettare etter at det kom data og lånekort, då blei det meir system på tinga.

Linda er glad i mykje god mat, og til maten likar ho godt vin.

## Opningstider på biblioteket:

Tirsdag og torsdag: 10.00 -13.30  
Onsdag: 16.00 - 13.30

# INTERVJU MED ANNBJØRN SUNDE



av Bjarne Thuestad  
og Øystein Vågshaug



Annbjørn ser me kvar dag nede på butikken. Og nå viser det seg at han har jobba der i 25 år. Han har tidlegare jobba i Vatlandsvåg Handelslag og Kroken Handelslag. På Bokn Handelslag jobbar han ca 50-timar i veka. Han trivst med jobben, og likar kundane sine. Han er også opprinneleg ifrå Bokn og trivst på Bokn.

Fotball likar han også, spesielt **VIKING**

Når det gjelder musikk likar han western og jazz. Båt har han laga sjølv.

Utdanning har han fått på Handelsskulen

og fagkurs. Drømmebil har han ikkje, men bil har han, ein Toyota Carina.

# INTERVJU MED ANNETTE BOKNEBERG



av Berit Øvrebø og  
Lars Morten Kro



Me intervjuja Annette Bokneberg, assistent på Bokn Skule, som bur i Alvestadkroken ved Hålandsjøen. Ho satt og smilte og grua seg for spørsmåla. Ho bur i Bokn, men har budd i Sverige i to år. Bokn er ein fin plass å bu på, syns ho og sambuaren hennar, for her bur familien og vennene hennar.

Ho har lita fritid, for ho har to jobbar, men likar å måla, sy og lesa. Ho har ei dotter på fire år. Til sommaren gledar ho seg, for då er det varmt ver og ferie, og det er herleg, seier ho. Ho er ikkje glad i sport, men ho likar å sjå på skisport. Jula feira ho heime hjå seg sjølv, og dei var heile familien. Til saman ni voksne og tre barn, og ho syns det var koseleg.

Annette har jobba som assistent i fem år og syns det er kjekt, for då får ho vera saman med flinke og snille elevar. Jobben hennar er å vera med enkelte elevar gjennom skuledagen. Og ho håpar at ho er grei mot elevane, for ho syns det ikkje er bra å jobba med elevar, viss dei ikkje syns ho er grei.

Vi spurde ho om ho hadde utdanning, og ho sa at då ho gjekk i niande klasse var det bra å ta økonomi/markedsføring som vidare utdanning, for då fekk du jobb, og det gjorde ho. Ho sa at du treng eigentleg ikkje å ha utdanning for å vera assistent, men det kan vera godt å ha barne- og ungdomsarbeiderfaget. I tillegg jobber ho på kafeen i Arsvågen, og ho syns det er kjekt. I dei to åra ho budde i Sverige, jobba ho på ein lastebilfabrikk som heitte Scania. Det syns ho var ein interessant og uvanleg jobb. Ho monterte trykktankar (bremsesystemet) til lastebilar.

Og så gjekk Annette til neste elev.


# KOMMUNEN TRENG VELFORENINGANE

Havnavegen Velforening i byggefeltet ved Hålandssjøen og Leirgrov Velforening i Føresvik som blei stifta i fjor, ivaretar nærmiljøinteressa på ein god måte i tillegg til at dei fungerer som *vaktbikkjer* for kommunen. Ordføraren har ved fleire høve sagt at kommunen er glad for velforeningane og må spela på lag med dei.

I februar kalla begge foreningane medlemmene sine inn til fellesmøte, og ikkje uventa stod leikeplassar og trafikksikkerhet i sentrum. Her fylgjer nokre referat frå møta.

## Medlemsmøte i Leirgrov Velforening

Leirgrov Velforening hadde medlemsmøte på Boknatur sundag 15.februar 1998.  
Styret hadde nok venta at fleire av medlemmene hadde sett seg tid til å møta, men dei som hadde funne vegen, hadde ei koseleg stund saman.



Fv. Torhild Svendsen, Torny Ø. Rossebø, May J. Vatnaland, Harry og Janet Hognaland, Arvid Jøsang, Rune, Trond og Åse Vatnaland.

Foto: Olav Rossebø

Årsaken til møtet var at me ville komma i gong med ein prioriteringsplan før vårsesongen startar. Velforeninga hadde, seint i haust, fått tildelt kommunale midlar til utbetring av leikeplassen i Føresvik. Det er svært mykje som må gjerast med leikeplassen, slik at dei pengane me fekk tildelt i fjor neppe rekk til anna enn å setja opp levegg mot sør og mot nord og kanskje til eit par nye vegger på leikehytta.

Ein del av dei apparata som alt er på leikeplassen, er i så skrøpeleg stand at det beste nok er å berre fjerne dei.

Me snakka og om å markera St.Hans på eit eller anna vis, kanskje i samband med at leikeplassen kunne stå ferdig.

Av andre ting som var oppe på møtet var at me ville prøva å gjera soping og rydding før 17.mai til ein fast tradisjon.

Det vart og drøfta at trafikktihøva ikkje blir betre etter som det vert fleire bilar og fleire ungar i byggefeltet i Føresvik. Særleg ille er det på vinterstid når ungane nyttar vegen til akebakke, og medlemsmøtet var samde om at me måtte ta dette opp med dei rette kommunale organa før det skjedde ei ulukke.

## Styret frå stiftinga av velforeninga held også fram i 1998

Trond Vatnaland	-	formann
Janet Hognaland	-	kasserar
Arvid Jøsang	-	sekretær
Åse Vatnaland	-	styremedlem

## Årsmøte i Havnavegen Velforening

Dette gjekk av stabelen mandag 9. februar på skulekjøkkenet.

Forutan vanlege årsmøtesaker var det planane for den nye leikeplassen i byggefeltet som stod i sentrum. Foreninga er innstilt på å legga ned ein del dugnadstimar i dette prosjektet, og det blei nedsett ei nemnd til å utarbeida ein plan over leikeplassen i samarbeid med teknisk seksjon.

Det blei elles vedtatt ein kontingen på kr. 50,- pr. husstand pr. år.

## Årsmøtet tok også opp desse sakene:

- rydding til 17. mai
- sikring med gjerde langs nederste stikkveg mot sjøen
- postkassestativ
- fartsdumpar
- beplantning mot Europavegen
- utviding av påbegynt badeplass



**Styret**

June Grønnestad	-	formann
Geir Ognøy	-	kasserar
Tone B. Høyland	-	sekretær
Jan Eide	-	styremedlem *
Wenche L. Havikbotn-	-	vararepr. *
Terje Hognaland	-	vararepr.

\* Nye – valgt for to år. Dei andre blei gjenvalgt.

**Fv. Frank Karoliussen, Geir Ognøy, Oddrun H. Nilssen, Gunn G. Hognaland, Torunn Bokneberg, Tone B. Høyland, Hans Rune Øvrebø, Jan Eide, Helge K. Nilssen og June Grønnestad.**

Foto: JH



## MINNEORD

Bolette Jørgensen er død, 86 år gammal.



Ho blei fødd og voks opp på Susort. Foreldra var Olida og Ola Susort, og i barneflokken på åtte var ho nummer to. I 1945 gifta Bolette seg med Sigvald Jørgensen, og same året flytta dei til Bokn.

Yrket hennar var husmor. Ho har vaska på skulen i kommunen og jobba på hermetikkfabrikken. Bolette, som var aktiv i misjonsarbeidet på bedehuset og som dreiv barneforening i huset sitt for omrent 50 år sidan, blei også mykje brukt som kokk i brylluper. Ho laga god mat, både til seg sjølv og familiemedlemmer som kom heim på besøk, heilt til det siste.

Bolette var veldig flink med håndarbeid. Ho hadde også grøne fingrar og likte å stella i hagen. Folkebiblioteket fekk ofte besøk av ei samfunnsengasjert og allsidig dame som leste mykje.

Bolette, som var varm, praktiserande kristen og som såg uforskamma frisk ut, var alltid med sitt gode humør samlingspunktet i familien. Dei fekk alltid sjå ei omsorgsfull og uselvisk Bolette som var svært opptatt av barnebarna sine og som formidla trygghet og lunhet. Ho likte alltid å koma seg ut og vera blant folk.

Bolette etterlet seg fire barn, tre svigerbarn og fem barnebarn.



# KARNEVAL!

Foto: Hege Sunde

Måndag 23. februar kom ungane i 1. - 4. klasse til skulen ferdig utkledde, spente og forventningsfulle.


Dei kom utkledde som alt frå hekser til prinsesser og sjørøvarar.

I løpet av dagen leika dei, song, laga karnevalshatt, dansa, åt pølser med sjølvlagda pølsebrød – og ungane koste seg.

I siste time fekk 1. og 2. klasse slappa av med ein film om *Mormor og de åtte ungene* som kledder seg ut som indianarar.


Helsing småskulen

1. og 2. klasse har *stolleiken* saman med lærar Mona Faye.



Audhild Sæbø og Daniel Dobrev som *Alladin* og *Jasmin*.

Bildet th. er Didrik Jansen Alvestad som *Batman*.



# BARNESIDE

Bygdabladet vil starta med barneside. Denne skal utvikla seg etter kvart, og denne gong kan du løysa kryssord eller rebus som Eli Kro har laga. Oppgåvene er på bokmål.

Alle barn blir oppfordra til å senda inn/koma med vitsar, gåter, teikningar, m.m. til denne sida. Me tar gjerne imot tips!


Barnekryssorda og rebusen deler me inn i to oppgåver. Me vil trekka to vinnarar som kvar vil få ein Ekstra-kupong ( TV-bingo ) i premie i veke 14 ( den veka aprilnr. kjem ut ). I dette bladet vil også løysingane og namnet på vinnarane stå.

## Oppg. 1 a

### REBUS ( eitt ord )

N + T =

 -LE  
-V



## Oppg. 1 a

Klipp ut og send kulturkontoret eller kom innom.  
**Frist: 20. mars**

MÅ-NED	DRIKK	FERJEK.AI		IKKE INNE	ØY-BOER
		BAKVERK	▼		▼
KRE-MEN	PÄ-LEGG				TALL
					AV-GIFT
ANKER	HVLITE			DESSERT	
	LEE	►			EGEN
MYNT				UTTALTE	
				OPPDRETT	
NEK-TELSE		IKKE DAG			
		►		DOVEN	

## Oppg. 2 a

( Skriv også i rutene med tal i )

1	2	3	4
2			
3			
4			

### Vannrett/loddrett

1. Kommune
2. Yte
3. Regning
4. Legemsdel

## Oppg. 2 b

( Skriv også i rutene med tal i )


1	2	3
4		
5		
6		

### Vannrett

1. Etter
4. Guttenavn
5. Negl
6. Odde

### Loddrett

1. Kommune
2. ?
3. Rot



På skolen e dor mange bilar og mange leker og så har de mogen kalenderar og mogen andre klasserom. Mogen hanar så henge i taket. Me har våres egne faste plasser, og så har me mogen sangbøker å så synge me mye.

*Tina B. Høyland*

**ROAR**



At dei andre så e me meg, har lyst at dei ska leka fint me meg. Dei store ødeleggje, det e dumt. Det så e kjekt at der e kjekke leker, eg hadde hatt lyst at der var store leker. Det va alt.

*Roar Jøsang*

## BOKN BYGDABLAD

### • UTGJEVAR

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf 52 74 85 00  
Fax 52 74 86 90  
Bankgirokonto 3373 07 00305  
Postgirokonto 0806 56 84501

### • BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang  
Eli Kro  
Reidun Grønnestad

### • REDAKTØR

Jardar Havikbotn

### • ABONNEMENT


Innanbygds kr. 100,- pr. år  
Utanbygds kr. 150,- pr. år

### • ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartsida	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Små privata.	kr. 30,-
Fastannonse	etter avtale

### • FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm  
frå Vikingtid ( 900 - 950 e.Kr. )



Eg vett'kje heilt,  
men det e jo  
ganske kjekt. De  
e jo dumt at de  
tar ting i fra oss  
og trør på veien.

*Eirik Nedrebø*

## BOKN HAGELAG – UTLEIGE

Plentrommel	kr. 0,- (medl.)	kr. 75,- (ikkje medl.)
Tilhengar	kr. 75,- (medl.)	kr. 150,- (ikkje medl.)
Plenlufta	kr. 75,- (medl.)	kr. 150,- (ikkje medl.)
Jordfresar	kr. 100,- (medl.)	kr. 200,- (ikkje medl.)

*Utsyret er hos Otto Fostenes – tlf. 52 74 82 44*

## ADRESSEETIKETT


# B-Blad

RETURADRESSE:  
BOKN KOMMUNE  
4290 BOKN

## KULTURKALENDEREN

### MARS

- 08.: Israelmisjonen – bedehuset kl. 19.30
- 10.-  
15.: Indre Sjømannsmisjonen – bedehuset  
kl. 19.30
- 11.: Hagelagsmøte. Allrommet kl 19.00  
Hageglede i Form og Farge  
v/Kjellaug Guddal Sæbø  
Arr.: Bokn Hagelag
17. og  
18. Indremisjonen, bedehuset kl. 19.30
- 18.: Bingo – arr. BIL
- 21.-  
22.: BORK – Køyrekurs for vidarekomne –  
Arne  
Henriksen. På Hognaland, påmelding  
Åse
- 22.: Årsmøte bedehuset kl. 19.30
- 24.-  
29.: NLM – bedehuset kl. 19.30
- 28.: Dans – arr. Bokn musikkorps



### MARS

- 15.: Gudsteneste kl. 11.00
- 29.: Gudsteneste kl. 11.00  
Speidargudsteneste med løftefornyelse

### FOTTERAPI

Kvar fredag. For påmelding  
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

### HELSESTASJONSDAG

Torsdagar 9-11.30. Elles etter avtale.  
Eva Brumborg Svendsen  
helsesøster

### BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00  
Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.30

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun  
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

### TILBUD

### STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.  
Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.  
Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy  
51 72 32 87 94 67 08 73

## BRUKT BADEKAR

m/ blandebatteri, servant/skap og hylle  
m/lys rimelig til salgs.  
Tlf. 52 74 85 24

Hjertelig takk for all omsorg, kransar  
og blomsterhelsingar samt gavé til  
NMS ved vår mors, Bolette Jørgensens  
bortgang.

- familien -